



Årsmelding og rekneskap 2019



Årdal Energi Holding AS

Årsmelding frå styret

Selskapsmessig skilje 2019

Årdal Energi KF vart omdanna til to nye sjølvstendige selskap, Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS.

Desse to selskapa er 100% eigd av Årdal Energi Holding AS, som er heileigd av Årdal kommune.

Selskapsform

År 2019 er det 86. driftsåret for Årdal Energi Holding AS, om ein legg stiftinga av Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning til grunn. Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning vart organisert etter at løyvinga for linjebygging til Farnes vart vedteken i heradsstyre 24.02.1933. Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning fekk driftsløyve (mellombels) den 27.september 1933 og har sidan hatt kontinuerleg drift i fleire selskapsformer og namn.

Dette elektrisitetsverket vart teke opp i L/L Årdal Kraftlag, som vart stifta 25.11.1945. L/L Årdal Kraftlag vart vidareført (ved oppkjøp) i Årdal Kommunale kraftforsyning, som vart skipa den 22.07.1954. Årdal Kommunale kraftforsyning skifta namn til Årdal Energiverk den 01.01.1989, og vart frå same dato organisert som ei kommunal verksemd.


Etter vedtak i kommunestyret den 24.03.1994. vart namnet endra til Årdal kommunale energiverk. I same vedtak vart Årdal kommunale energiverk gjort om til ei kommunal særverksemd under Årdal kommune med eige styre etter § 11 i kommunelova. Årdal kommunestyre gjorde den 14.06.2001 vedtak om å gjera selskapet om til kommunalt føretak (KF). Namnet vart då Årdal Energi KF frå og med 01.01.2002.

Etter nye krav i Energilova gjorde Årdal kommunestyre vedtak om omdanning av Årdal Energi KF til to selskap, Årdal Kraftlag AS og Årdal Energi Nett AS, gjeldande frå og med 1.juli 2019. Kommunen oppretta samstundes eit nytt selskap Årdal Energi Holding AS, som eig Årdal Kraftlag AS og Årdal Energi Nett AS.

Konsernet Årdal Energi Holding AS består av Årdal Kraftlag AS og Årdal Energi Nett AS. Seimsdal Kraft AS som er eit tilknytt selskap, eig vi saman med 14 grunneigarar i Seimsdalen. Offerdal Kraftverk AS eig vi saman med Sognekraft AS og Veidekke Entreprenør AS.

Vidare eig Årdal Kraftlag AS selskapet Årdalsnett AS, og Årdal Energi Nett AS eig SEIS AS. Porten er eit dotterselskap som er eigd av Årdalsnett AS

Morselskapet Årdal Energi Holding AS held til saman med døtrene Årdal Kraftlag AS og Årdal Energi Nett AS i Utladalsvegen 1 i Øvre Årdal.



Hovudforretningsområda er kraftomsetting, anna verksemd og nettverksemd. Føremålet med verksemda er formulert slik: Eige aksjar i Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS, samt aksjar eller andre eigardeler i selskap som sjølv driv verksemd innanfor energi, eller i selskap som eig aksjar eller delar i slike selskap. Selskapet sitt føremål er vidare å forvalte Årdal kommune si interesse i Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS. Selskapa skal skaffe innbyggjarar og næringsliv sikker levering av fornybar energi til konkurransedyktige prisar. Selskapa skal skape verdiar for eigar, kundar og lokalsamfunnet, og syte for ei turvande, sikker og kostnadseffektiv energiforsyning som tilfredsstillar dei til ei kvar tid gjeldande krava til miljø og overordna myndigheit, samt arbeide aktivt for god energiøkonomi. I forvaltninga av eigarskapet til Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS skal det leggast vekt på at desse verksemdene tek omsyn til lokale arbeidsplassar, og at det blir bygd opp arbeidsplassar basert på kompetanse, ansvar og trivsel gjennom eit aktivt HMS-arbeid.

Konsesjonsområdet for nett er Årdal kommune med sine ca. 5600 innbyggjarar. Selskapet forsyner tettstadane Årdalstangen og Øvre Årdal samt dalane Naddvik, Moadalen, Utladalen, Fardalen, Seimsdalen og Offerdalane. Vi får overført straum frå Hydro Aluminium sine anlegg i Øvre Årdal og på Årdalstangen.



Ved årsskifte er om lag 3600 kundar kopla til nettet, som består av:

- 139 km med 6 – 22 kV linjer og jordkablar
- 244 km med lågspentlinjer og jordkablar
- 4 sekundærstasjonar, 149 større og mindre transformatorar (nettstasjonar/kioskar)

Styret

Styret har i 2019 hatt følgjande samansetting:

Medlemar:	Personlege varamedlemar:
Arild Ingar Læg Reid (styreleiar)	Sigmund Solvoll
Kirsti Eklund (nestleiar)	Marie Helene Hollevik Brandsdal
Aleksander Øren Heen	Thomas Norheim Moen
Trude Gjerme Nessestrand	Stephan Øren
Stian Marius Bye	Jon Inge Øvrebø

Stian Marius Bye og Jon Inge Øvrebø er valde av og blant dei tilsette.

Styresaker

Det har vore halde 11 styremøte, der 38 saker har vore handsama.

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

Selskapa Årdal Energi Nett og Årdal Kraftlag er sjølvstendige medlemar i Bedrifthelse1. Alle våre tilsette har dermed eit tilbod gjennom bedriftshelsetenesta.

Samla sjukefråvære for 2019 var på 3,6 %. Bruk av eigenmelding utgjorde 0,4 % av fråvèret.

Det vart meldt inn 55 uønska hendingar/forbettringsforslag i 2019, som er ein nedgang i innmeldte hendingar sidan i fjor. Desse hendingane vart handsama administrativt, og tiltak er sett i verk.

Innrapporterte hendingar vart kategorisert slik: 11 alvorlege saker innanfor områda: jordfeil (5), elektrisk utstyr (4), køyretøy (1) og orden og reinhald (1). I tillegg var 40 saker registrert

som mindre alvorlege saker og 4 saker blei avvist grunna dobbelrapportering av same sak.

Årdal Energi Holding har gjennomført månadlege personalmøter der HMS står først på agendaen. Det er gjennomført førstehjelpskurs for alle tilsette. Årdal Energi Nett har i tillegg gjennomført lovpålagde kurs i nedfiring av skadd person frå stolpe og kurs i tryggleik ved arbeid i og drift av elektriske anlegg (FSE).

Årdal Energi Holding, gjennom sal av rein vasskraft, ureiner ikkje det ytre miljøet. Årdal Energi Holding er med på den kommunale renovasjonsordninga og har ein eigen avtale med eit lokalt firma for handtering av jern/metall og anna brennbart avfall.

Likestilling

Årdal Energi Nett og Årdal Kraftlag har 3 kvinner og 14 menn tilsett ved utgangen av 2019. Verksemda har som målsetjing å ha ein arbeidsstokk og eit avtaleverk som sikrar likestilling. Lokalitetane er godt tilpassa begge kjønn.

Arbeidsområder gjennom året

Innanfor området Nett, har det i 2019 også vore eit aktivt år. Det er bygd ny høgspennings hengekabel frå Holsbru til nye tunellen i Ljoteli, slik at det er klart til å forsyna Ljotelitunellen med straum. Av den grunn har vi også skifta nettstasjonen på Holsbru med fleire avgangar og ny effektbrytar.

Elles er det forsterka lågspennettet i samarbeid med fiberprosjektet til Årdalsnett i områda Moa, Ålmenhagen og Børtnes. Det er og samstundes reinvestert i ny høgspenkabel frå nettstasjonen på Nørøynshaugen til nettstasjonen i Ålmenhagen. På linja til Offerdalen er jordingsanlegget oppgradert med ny jording (OPGW), som har med seg fiber fram til Skogli. Dette er eit felles prosjekt mellom Årdal kommune, Årdalsnett og oss.

I tillegg har vi starta på ein omlegging av Fardalslinja frå Øvstetun til Berge som vert avslutta i 2020. Det har også vore arbeid med å skifta ein mindre rest av straummålarane til AMS målarar. Av andre investeringar på nettsida har vi skifta ut korgbilen vår til ein type bil som alle med førarkort klasse B kan køyra. Det er viktig at alle montørane kan bruka bilen.

Eit anna fellesprosjekt har vore utbygging av lys langs vatnet i Øvre Årdal, der heile strekninga frå brua over til Børtnes, langs molen og fram til gangbrua over til Bukti er bygd ut med fin og god lyssetting. Prosjektet vart finansiert mellom Årdal kommune, Hydro Energi og Årdal Kraftlag.




Omdanning av Årdal Energi KF til to nye selskap, Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS, samt etablering av Årdal Energi Holding AS, har vore ein omfattande prosess. I arbeidet har vi fått hjelp frå BDO, som spesielt har passa på dei juridiske forholda i omdanninga.


Den selskapsmessige splitten har vore IT teknisk krevjande. Med innføring av Elhub i februar, samt dei lovmessige krava til selskapsmessige skilje, er dei IT tekniske grensesnitta i energibransjen blitt svært kompliserte. Her har vi møtt mange utfordringar på vegen. I tillegg er alle eksisterande system som kundedatabase, økonomi-, bank-, lønn- og timesystem etablert på nytt i alle selskapa. Det er tenkt nytt med tanke på oppbygging og struktur, og det har medført mange nye rutiner. Kundane våre får no både nettleige og straumkostnader frå Årdal Kraftlag AS med ny logo, då vi også har innført gjennomfakturering i denne perioden. Samarbeidet med nokre av våre systemleverandørar har ikkje vore tilfredsstillande, og oppstart 1. juli, midt i fellesferien, gjorde også omdanninga ekstra komplisert. Dei tilsette har verkeleg stått på og gjort ein god jobb. I skrivande stund, har vi fortsatt utfordringar knytta til det IT tekniske, men ser likevel ein ende på prosessen.

Effektivitet i distribusjonsnett


Overføring av elektrisk kraft er monopol-verksemd. For å sjå til at overføringa av energi vert gjort så effektivt som mogeleg, fastset NVE årlege inntektsrammer. Denne inntektsramma dannar grunnlaget for tariffane i vårt område.



Stolpediagrammet viser korleis prisane på nettleiga pr.01.01.2019 var for nettselskapa i fylket, samt snittet for fylket og heile landet. Det må nemnast at nettleiga er avhengig av bustadmønster og topografi i dei ulike leveringsområda. Prisane er utan avgifter og rekna om til å gjelda ved eit forbruk på 20.000 kWh/år.




Stolpediagrammet viser Årdal Energi Nett si utvikling av energileddet i nettleiga for bustadar, utan avgifter.




Figuren viser korleis nettleiga vert fordelt

Utviklinga i kraftprisane

Kraftmarknaden er fri og alle kan kjøpa krafta si hjå den kraftleverandøren dei ynskjer. Vi har som målsetting å halda ein konkurransedyktig pris til den lokale marknaden. Marknadsprisane i 2019 har vore gode, sjølv om dei var lågare enn 2018. Marknadsprisen har hatt eit snitt på 38,66 øre/kWh, mot 41,35 øre/kWh i fjor. Vår snittpris over året var 32,97 øre/kWh, prisane her er utan mva. Vi omset totalt 144 998 MWh der 110 293 MWh er konsesjonskraft som vi disponerer etter avtale med Årdal kommune. Resterande 34 405 MWh er kjøpt i spotmarknaden i ein avtale med Hydro, som også utføre balanseavreking for oss. Årdal Kraftlag har signert ein avtalte med Årdal kommune om kjøp av all disponibel konsesjonskraft, for vidaresal.



Figuren viser områdeprisen for NO5 Bergen mot Årdal Kraftlag sin kraftpris for 2019. Prisane er eks. avgifter. Kilde: NordPool / Årdal Kraftlag



Figuren viser Årdal Kraftlag sin utvikling av årleg snittpris på kraft, i øre/kWh, utan avgifter.

Samarbeid / samanslutningar

Samarbeidet innan SEIS AS er vidareført, der vi nyttar dette organet til samarbeid og informasjonsutveksling, slik at alle partar kan gjera kvarandre betre. Fleire av dei andre eigarane har vurdert felles nettselskap. Dette har ført til at det øvrige samarbeidet har vore nedprioritert i 2019.

Gjennom Nettalliansen har vi eit godt samarbeid gjennom vårt eigarskap og deltaking i ulike prosjekt. Framover ser vi at å nytta seg av dei tenestene Nettalliansen leverer, kan gjera oss meir robuste.

Vi har bidrege med ansvarleg for arbeid (sakyndig driftsleiar) for Seimsdal Kraft.

For å ivareta lærlingane våre, har vi eit godt samarbeid med Sogn Opplæringskontor.

Planar

2020 vert eit noko annleis år enn før, då det vert det fyrste året med tre nye selskap. Våre oppgåver er dei same som før, men vi må i større grad forhalda oss på ein anna måte.

Vi har framleis fokus på nett-modifikasjonar for ytterlegare å gje kundane ei så stabil kraftforsyning som mogeleg. Vi kjem til å skifta ut høgspenst koplingsanlegg i to nettstasjonar på Årdalstangen og reinvestera i delar av høgspenstkabel mellom Årøy og Naddvik. I tillegg vert det starta med utviding av Seimsdalstunellen som vil føra med seg utskifting av kablar gjennom tunellen. Elles vert Fardalslinja bygd om til ny mellom Øvstetun og Berge og driftssentralen skal oppgraderast.

For Årdal Kraftlag må ein jobba nytt med korleis ein skal sikra seg mot endringar i marknadsprisen og ny tariffstruktur i selskapet. Ein må i tillegg jobba vidare med strategien for Årdal Kraftlag.

Konsern og deleigde verksemdar

Årsresultatet for konsernet visar eit overskot på kr. 9 145 597,-. Det er betalt ut ekstraordinært utbytte i 2019 på kr. 11 000 000,-. Samla sett er det god drift og eit godt resultat for året.

Årdalsnett AS

Verksemda går godt med god utvikling på både omsetning og tal kundar. Kundetalet har vore veksande. De store fiberutbygginga i Årdal vart avslutta 1.halvår 2019. Elles har verksemda hatt fokus på fiberutbygging på Tyinkrysset, sommaren og hausten 2019. Resultatet går ned i høve til 2018, vesentleg grunna auka bemanning, auke i avskrivningar og finanskostnader knytt til investeringar. I siste kvartal tok Jan Stian Smedegård over som dagleg leiar.

Seimsdal Kraft AS

Kraftverket har hatt god drift og produsert 15,1 GWh i 2019, dette er ein nedgang i produksjon på 3,5 GWh i høve til året før, men det var ein kort sesong med liten produksjon vår og haust. Produksjonen var jamt over god i perioden april til oktober og prisane var då i snitt på ca. 34,0 øre/kWh. Resultatet gjekk ned til kr. 1.324.151,- mot kr. 2.575.292,- året før. Dette skuldast i all hovudsak lågare prisar på kraft og elsertifikat og mindre produksjon.

Offerdal Kraftverk AS

Verksemda har fått konsesjon for utbygging av to kraftverk i Indre- og Ytre Offerdalen. Fjordkryssinga er no vedteken gjort om til sjøkabel, i staden for linje. Dette gjer at prosjektet får ein betre miljøprofil. Aktiviteten har dreia seg om å kvalitetssikra talgrunnlaget og trimma kostnadssida i prosjektet. I tillegg har ikkje kraftverket fått løyve for tilknytning til nettet, noko som det er fokus på for å få til. Eigarane har ikkje gjort noko endeleg vedtak om utbygging enno.

Våre verdier

Trygg

Offensiv

Lagspelar

Desse verdiane skal vera eit grunnlag for alt vi gjer.



Strategi og framtidsutsikter

Årdal Energi Nett si hovudoppgåve er å bygga driftssikre fordelingsnett som syter for færre og kortare avbrot til det beste for kundane i Årdal. Årdal Energi Nett skal vidare ha ein sunn og god økonomi, som gjev rett pris til kundane våre.

Årdal Kraftlag må sjå på korleis ein kan sikra seg mot stort prisfall i marknaden for framtida. I tillegg må ein sjå på å utvikla tariffstrukturen, slik at den harmonerer med bransjen.

Dei store selskapsmessige strukturendringane er no gjort, og arbeidet vidare blir å optimalisera dei nye selskapa, slik at dei vert robuste for framtida.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvise bilete av selskapet sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat.

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a blir det stadfesta at føresetnadene om framleis drift er tilstades. Til grunn for dette ligg resultatprognosar for 2020 og selskapet sine langsiktige strategiske planar for åra framover. Selskapet er i ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Øvre Årdal, 18.05.2020
Styret i Årdal Energi Holding AS

Arild Ingar Læg Reid
styreleiar

Jørgen Tomas Luggenes
dagleg leiar

Trude Gjerme Nessestrand
styremedlem

Kirsti Eklund
styremedlem

Stian Marius Bye
styremedlem

Aleksander Øren Heen
styremedlem

